



SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Kenneth Stokke	FE-232	23/185

ENDRING AV EIGEDOMSSKATT FOR NÆRbutikken PÅ LAVIK

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Eigedomsskatten for nærbutikken på Lavik vert sett til full eigedomsskatt fram til 22 mars 2023, og eigedomsskatt som tomt etter 22 mars, og ut året 2023. Ny vurdering blir gjort når eigedomsskatten for 2024 skal bli vedtatt.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka

Nærbutikken på Lavik blei delvis nedbrent 22 mars 2023. Eigedomsskattelova §4 seier at eigedomsskatten blir vedteke for eit år, slik tilhøva var pr 1 januar i eigedomsskatteåret. Dersom, til dømes, eit bygg endrar seg skal det gjerast ein ny vurdering jf eigedomsskattelova §8 A-3. Dette vil då i utgangspunktet gjelde frå ny takst blir sett, som er for året etter.

Jf §28 har kommunen moglegheit til å endre på skatten i året dersom det er sær s urimeleg om heile eller deler av skatte blir krevd inn. Skatten kan då setjast ned eller ettergjevast av formannskapet.

Ettersom bygget er delvis nedbrent er det ikkje venta at det er mogeleg å nytte seg at bygget slik det står nå. Det blir derfor tilrådd at grunnlaget for eigedomsskatten blir sett til verdi av tomt. Dette vil omlag halvere eigedomsskatten.

Formelt grunnlag

Lov om Eigedomsskatt